

Til
NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Brekkehus, 07.03.2017

Frå
Øvre Teigdalen Elveeigarlag (ØTE)

Høyringsuttale vedkomande konsesjonssøknader for småkraftverk i Teigdalen, Voss kommune

Viser til utlysing frå NVE om føreståande handsaming av konsesjonssøknader for 4 småkraftverk i Teigdalen, Voss kommune. Dette gjeld Bjørndalen kraftverk, Tverrelvi kraftverk, Storagroe kraftverk og Togrovi kraftverk, alle planlagt plassert i småelver som i dag renn ut i hovudelva Teigdalselva.

Som elveeigarlag i Teigdalselva har ØTE fylgjande merknader til konsesjonssøknader:

Elveeigarlaget er i utgangspunktet ikkje negativt til at det blir bygt småkraftverk i aktuelle sideelver til Teigdalselva. Ein avgjerande føresetnad er likevel at desse utbyggingane ikkje påfører Teigdalselva uheldige verknader med omsyn til fisk og anna liv i og langs med elva, verken på kort eller lang sikt.

Det vi kanskje er mest bekymra for er eventuell ureining av hovudelv under byggeperioden av kraftverka. Vi kan oppleve at det vil pågå opptil 4 ulike anleggsdrifter meir eller mindre samstundes langs elva. Når vi veit at Teigdalselva i dei turraste periodane kan ha vassføring heilt ned mot 0,1 m³/s, vil sjølv eit mindre utslepp kunna få alvorlege fylgjer for livet i elva.

På lengre sikt må det sikrast mot eventuell avrenning til elva av ureina vatn frå f.eks. deponi med sprengmassar eller anna.

Om Teigdalselva i dei turraste periodane har svært lita vassføring, kan vassføringa bli tilsvarande stor under dei største haustflaumane, og elva veks opp i løpet av få timar. Viktig at det blir teke høgd for dette ved plasseringa av rigg- og lagringsplass for anleggsdrifta, slik at ein ikkje risikerer at materialar og drivstofflager m.m. ligg spreidd utover heile vassdraget etter ein eventuell storflaum.

Oppsummert:

Øvre Teigdalen Elveeigarlag stiller seg i utgangspunktet ikkje negativt til at det blir gjeve konsesjon for bygging av fleire småkraftverk i Teigdalen. Ein avgjerande føresetnad er likevel at det blir stilt strenge nok krav til utbyggjar om tiltak som sikrar mot eventuell ureining av hovudelva.

Sikring mot ureining tilseier også at det i byggeperioden må utførast kontinuerleg overvaking av vasskvaliteten i elva. I tillegg tilstrekkeleg grad av ekstern kontroll av anleggsaktiviteten, for å sjå til at utbyggjar/entreprenør i praksis etterlever krav og pålegg.

Med helsing

Øvre Teigdalen Elveeigarlag

Jngar Langeland
for

Hans Langeland